



VELKOMEN TIL VIGSEL I KVAM!

I denne orienteringa finn de opplysningar som vil vera viktige for dykk i førebuinga.

- **Avtale om vigsel:** Avtale om vigsel vert gjort med kyrkjekontoret. Ein får då skjemaet «Me ynskjer vigsel», fyller det ut og returnerer det snarast til kyrkjekontoret. Du finn også skjemaet på heimesida. Vigsel vert i utgangspunktet utført ved lokal prest. Men ein kan også spørje ein annan prest om denne tenesta, etter godkjenning frå soknepresten. Den einskilde prest har ikkje vigselsplikt dersom paret er utanomsokns, partane er av same kjønn, eller nokon av partane har vore gift før. Men alle har rett til å bli vigde i kyrkja i sitt eige sokn.
- **Betaling:** Vigselen er gratis for kyrkjemedlemmer som bur i Kvam, når den er på ein av kyrkjelyden sine vigselsdagar. Dersom ingen av brurefolka har folkeregisteradresse i prostiet (Hardanger og Voss) krev Bjørgvin bispedøme ein eigenandel for vigselen. Dersom ingen av brurefolka har tilknytning til Kvam ved å ha vakse opp der eller har foreldre som bur der i dag, krev Kvam kyrkjelege fellesråd ein eigenandel, sjå eige skriv.
- **Prøving av ekteskapsvilkår:** Dette vert gjort av Skatteetaten (sjå heimesida). De må syte for at prøvingsattesten kjem til kyrkjekontoret seinast tre veker før vigselen. Utan denne attesten kan vigselen ikkje finne stad.
- **Vigselsamtale:** Før vigselen har brureparet ein samtale med vigselspresten. Her går ein gjennom vigselen og samtalar om å leve saman som ektefolk. Presten tek kontakt for avtale, men har de ikkje høyrte noko innan tre veker før vigselen tek de kontakt med kyrkjekontoret.
- **Ordninga for vigsel:** Vigselen fylgjer alltid kyrkja si ordning for vigsel. Denne, med rettleiing, finn du på heimesida til kyrkja: <https://www.kyrkja.no/kvam>. Me nyttar ordninga «Vigsel 2003.»
- **Song og musikk:** Salmane (2-3) tek de ut i samråd med prest. Inn- og utgangsmusikk vel de i samråd med organisten min. 3 veker før. Evt. andre musikk/kultur-innslag, som de syter for sjølve, må avtalast med prest/organist. Hugs at tidsramma på 45 minutt pr. vigsel ikkje må overstigast. Me nyttar ikkje innspela musikk (CD eller liknande) i kyrkja. De avtalar med presten om de vil nytte salmebøkene i kyrkja, eller produsera eige program sjølve.
- **Pynting av kyrkja:** Evt. pynting (blomar) syter de for sjølve, etter avtale med kyrkjetenar/kyrkjevevje. Pyntinga må ikkje bryte med rommet og handlinga sin kyrkjelege karakter. Det kan ikkje kastast ris, plastkonfetti eller liknande i, eller ved kyrkja.
- **Fotografering:** Det er høve til fotografering under inngang og utgang. Evt. fotografering under vigselen kan berre skje på diskret vis etter avtale med prest.
- **Frammøte:** Brureparet **MÅ** møta seinast 15 min. før vigselen. Ofte er det fleire vigsjar same dag og forseintkoming forplantar seg og kan øydeleggja for mange. Vigselen skal starta presis på det avtala tidspunktet.
- **Spørsmål:** Evt. spørsmål kan rettast til kyrkjekontoret eller takast opp i vigselsamtalen.